



Koren Wiberg-seminar 2021

Seminar onsdag 6. oktober 2021

10.00 – 14.30

Schötstuene, Bryggen

Koren Wiberg-seminaret er eit årleg seminar på Bryggen. Føremålet er å ta opp spørsmål innanfor det vide arbeidsfeltet til den tidlegare direktøren ved Det hanseatiske Museum, Johan Christian Koren Wiberg (1870 – 1945). Han utvikla Det hanseatiske Museum og Schötstuene, var den første til å utføra arkeologiske undersøkingar på Bryggen, var pådrivar til at Bryggen blei freda i 1927, og gjorde ein iherdig innsats for å få fram arkivmateriale til Bryggens og hanseatanes historie i Bergen. Som kommunalt tilsett direktør ved Det hanseatiske Museum hadde han også ansvar som byantikvar, og var oppteken av byens tradisjonelle byggeskikk og behovet for tilsyn med både kommunale og private planar.

Koren Wiberg var fødd i 1870, men det planlagte seminaret som skulle markere 150-årsdagen, blei utsett. Vi tar derfor opp denne tråden i årets seminar.

ONSDAG 6. OKTOBER:

10.00 *Elisabeth Bjørsvik, Det hanseatiske Museum:* «Museets historie, ombygging og ny utstilling.»

10.40 *Erlend Hofstad, Vestland Fylkeskommune:* «Kjøpmenn og forvaltere i Finnegårdens sjøstue».

11.20 *Ingfrid Bækken, Bergen byarkiv:* «Tørrfisk, tran og flaggermus – om brev og hjemsedler fra Finnegården».

12.00 *Lunsj*

12.40 *Arne Skivenes, tidlegare Byarkivar:* «Hva jeg snakker om når jeg snakker om Bryggen».

13.20 *Geir Atle Ersland, AHKR:* «På leit etter Bryggens historie – ei reise i utanlandske arkiv frå 1845 til i dag».

14.00 Oppsummerande runde – spørsmål og synspunkt.

Ønskjer du å delta? Interesserte kan melda seg via e-post:

geir.atle.ersland@uib.no eller telefon: 90169073 innan 1. oktober.

NB! Seminaret har ikkje påmeldingsavgift, men med omsyn til eventuelle restriksjonar og bestilling av lunsj ber vi, så langt det er mogleg, om bindande påmelding.

*Seminaret er eit samarbeid mellom
Det hanseatiske museum og Institutt for AHKR, UiB.*